



# UNIVERSITETET I BERGEN

*Fakultet for kunst, musikk og design*

## **MEDLEMMER:**

Programstyreleiar	Tom Solomon, programkoordinator, professor
Vitskapeleg tilsett	Sigbjørn Apeland, førsteamanuensis
Vitskapeleg tilsett	Stephen Amico, førsteamanuensis
Vitskapeleg tilsett	Jill Halstead, professor
Vitskapeleg tilsett	Arnulf Mattes, førsteamanuensis
Studentrepresentant	Ikkje valgt
Programstyresekretær	Fredrik Berntsen Due

### **Møte 08/2023**

Arkivnr: 2023/891

### **Innkalling til møte i programstyret for Musikkvitskap**

Fredag 10.11.2023 kl. 09:00 – 11:00

Rom: 110 GA

#### **I. Godkjenning av innkalling og dagsorden**

#### **II. Godkjenning av protokoll frå programstyremøte 06.10.2023**

#### **III. Sakar**

**Sak 19/23** Rapport frå studentmentor 21.09.2023 (flytta over frå førre møte)

**Sak 20/23** Nedlegging av MVK110 Hovudinstrument musikkvitskap

**Sak 21/23** Endringar i MVK250 Bacheloroppgåve musikkvitskap

**Sak 22/23** Fast periode for kontinuasjonseksamen

#### **IV. Orienteringar**

#### **Studiebarometeret hausten 2023**

#### **V. Eventuelt**

Bergen 07.11.2023

Tom Solomon  
Programstyreleiar

Fredrik Berntsen Due  
Sekretær



# UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

## MEDLEMMER:

Programstyreleiar	Tom Solomon, programkoordinator, professor	Møtt
Vitskapeleg tilsett	Sigbjørn Apeland, førsteamanuensis	Møtt
Vitskapeleg tilsett	Stephen Amico, førsteamanuensis	Møtt
Vitskapeleg tilsett	Jill Halstead, professor	Møtt
Vitskapeleg tilsett	Arnulf Mattes, førsteamanuensis	Møtt
Studentrepresentant	Ikkje valgt	
Programstyresekretær	Fredrik Berntsen Due	Møtt

### Møte 07/2023

Arkivnr: 2023/891

## Protokoll til møte i programstyret for Musikkvitskap

Fredag 06.10.2023 kl. 09:00 – 11:00

Rom: 110 GA

### I. Godkjenning av innkalling og dagsorden

*Godkjent*

### II. Godkjenning av protokoll frå programstyremøte 08.09.2023

*Godkjent*

### III. Sakar

#### Sak 14/23 Forslag til endringar i MVK250

*Emneansvarlig tar med seg kommentarane som kom fram i møte og presenterer eit endeleg forslag ved neste programstyremøte*

#### Sak 15/23 Forslag til endringar i MVK110

*Vedtak:*

*Programstyret godkjenner dei foreslåtte endringane i emneplan for MVK110, med dei innspela som kom fram i møtet.*

*Sjå vedlegg til protokoll*

#### Sak 16/23 Forslag til endringar i MVK102

*Vedtak:*

*Programstyret godkjenner dei foreslåtte endringane i emneplan for MVK102, med dei innspela som kom fram i møtet.*

*Sjå vedlegg til protokoll*

- Sak 17/23**    **Besøk av studentar frå BPG**  
*Vedtak:*  
*Bachelorprogrammet i musikkvitskaps deltar i aktivitetane under BPGs besøk ved GA i veke 44.*  
*Programstyret utarbeider program for besøket når rammene blir kjent.*
- Sak 18/23**    **Behandlingsnivå i emnerevisjon**  
*Programstyret tar informasjonen om behandlingsnivå for emnerevisjon til etterretning.*
- Sak 19/23**    **Rapport frå studentmentor 21.09.2023**  
*[Flytta til neste programstyremøte]*

**IV.** Orienteringar

**V.** Eventuelt

Bergen 06.10.2023  
Tom Solomon  
*Programstyreleiar*

Fredrik Berntsen Due  
*Sekretær*



UNIVERSITETET I BERGEN

*Fakultet for kunst, musikk og design*

---

**PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP**

**Sak.nr.: 19/23**

**Arkivnr: 2023/891**

**Sakstype: Orienteringssak**

**Møte: 8 – 10.11.2023**

---

**Rapport frå studentmentor 21.09.2023**

---

Studentmentor for bachelorprogrammet i musikkvitskap har sendt ein ny rapport til programstyreleiar. Det kjem fram tilbakemeldingar om dårleg kommunikasjon med dei nye studentane i velkomstveka.

Vedlegg: Rapport frå studentmentor 21.09.2023

**Forslag til vedtak:**

[blir utarbeidd på møte]

## Rapport fra mentormøte 21. september

Sanne Sowelu Lerøy <Sanne.Leroy@student.uib.no>

Thu 9/21/2023 2:59 PM

To: Thomas James Solomon <Thomas.Solomon@uib.no>; Arnulf Christian Mattes <Arnulf.Mattes@uib.no>

Heisann,

Her kommer rapporten fra sist mentormøte/kollokvie 21. september, (kl. 11:00-14:00).

### Agenda:

Målet mitt med møtet var å ferdigstille Oppgave 1 i MVK100 mest mulig slik at studentene ikke skal føle seg stresset over innleveringsfristen ol. Her skulle studentene ta med seg egne skrivesaker og skrive en del på egenhånd i samme rom så det var mulighet for dem å stille spørsmål, og diskutere sammen om oppgavene sine. Mot slutten av møtet ble de mer aktiv i å stille meg spørsmål, og de virket veldig fornøyd med opplegget. Noen fikk interesse til å sitte igjen og skrive mer etter møtet.

### Oppmøte:

Veldig fornøyd med oppmøte idag da der 11 møtte opp! 😊

### Velkomstuken:

Da jeg stilte de spørsmål om velkomstuken ble jeg møtt med dette:

1. Studentene hadde ikke fått nok info om det fysiske opplegget i studiestarten.
2. Studentene fikk ikke samlet seg på sosiale aktiviteter, og fikk ikke delta i "bli-kjent" leker med resten av kullet.
3. Eneste de visste av opplegg var gjennom Facebook Messenger som jeg selv har fått innsikt i og det var veldig lite til informasjon der.
4. De skulle ønske at det var et større felles opplegg for alle studentene på GA og ikke bare for de som går på utøvende. (Det var slik også da jeg startet på MVK. Det ble arrangert konsert og grilling i bakgården som bare de utøvende studentene fikk delta på.)

I forbindelse med dårlig oppfølging fra faddernes side, vil jeg arrangere en slags juleavslutning og feire innlevering av eksamener den 1. des. Her kan da klassen bli bedre kjent med hverandre og med meg gjennom sosiale aktiviteter på julemarkedet som åpner i Bergen sentrum 1. desember.

### Tillitsvalgt i klassen:

Da jeg spurte om hvem som kunne tenke seg å være tillitsvalgt i klassen så jeg et glimt i øyet på noen, men tenkte de ikke ville si det i plenum. Jeg informerte dem at de som var interessert kunne sende meg en e-post, så kommer tilbake til dere angående tillitsvalgt.

Rapport slutt.

Mvh  
Sanne Lerøy



## PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP

Sak.nr.: 20/23

Arkivnr: 2023/891

Sakstype: Vedtak

Møte: 8 – 10.11.2023

---

## Nedlegging av MVK110 Hovudinstrument musikkvitskap

---

### Bakgrunn

Femårig integrert mastergrad i musikkterapi og Bachelorprogram i musikkvitskap har begge eigne emne kor studentane kan få undervisning og rettleiing i eit hovudinstrument/basisinstrument, høvesvis MUTP200 Basisinstrument musikkterapi og MVK110 hovudinstrument musikkvitskap. Emneskildringane for desse to emna er så å sei like, men sidan dei er plassert på studieprogram i ulike finansieringskategoriar får Fakultetet ulik utteljing for studentane på desse to emne. Instituttet har kome med bestilling til programstyret i musikkvitskap om å legge ned emnet MVK110 Hovudinstrument musikkvitskap. Samstundes vil det bli gjort endringar i MUTP200 basisinstrument musikkterapi, så studentar frå bachelorprogram i musikkvitskap får høve til å ta dette emnet.

### Til saken

På programstyremøte i musikkterapi 19. oktober 2023 blei det vedteke endringar i MUTP200 Basisinstrument musikkterapi. Emnet heiter no *MUTP200 Basisinstrument*.

Vedlagt ligg emneskildring i det nye emnet *MUTP200 Basisinstrument*. I same dokument er dei gjeldande emneskildringane for MVK110 og MUTP200 med som samanlikningsgrunnlag.

Endringane blei utarbeida på møte 16.10.2023, kor følgande deltok:

Sigbjørn Apeland, emneansvarleg MVK110 hovudinstrument musikkvitskap

Kjetil Hjørnevik, programstyreleiar musikkterapi og emneansvarleg MUTP200 basisinstrument musikkterapi

Tom Solomon, programstyreleiar musikkvitskap

Fredrik Due, studiekonsulent musikkvitskap

Hild Vang, studiekonsulent musikkterapi

Hilde Sveen, undervisningsleiar Griegakademiet.

Det blei gjort to endringar i forslaget etter møtet:

- I dialog med studiesjef Hilde Skare og undervisningsleiar ved Griegakademiet er forslaget til namn på emnet endra til *MUTP200 Basisinstrument*, altså utan «musikkterapi og musikkvitskap»
- I *Læringsutbytte* under *kunnskapar* er «hovudinstrumentets» endra til «instrumentets». Det er eit meir dekkande omgrep sidan me vel å kalle emnet «[...] Basisinstrument [...]».

### **Forslag til vedtak**

Programstyret i musikkvitskap vedtek å legge ned emnet MVK110 hovudinstrument musikkvitskap, og at studentane frå bachelorprogram i musikkvitskap får høve til å ta emnet MUTP200 Basisinstrument med dei endringane som er vedteke i programstyret for musikkterapi.

Kategori	Infotype	MVK110	MUTP200	NYTT EMNE
Emnekode		MVK110	MUTP200	MUTP200
Namn på emnet, nynorsk		Hovudinstrument musikkvitenskap	Basisinstrument musikkterapi	Basisinstrument
Namn på emnet, bokmål		Hovedinstrument musikkvitenskap	Basisinstrument musikkterapi	Basisinstrument
Namn på emnet, engelsk		Main instrument musicology	Basic instrument, music therapy	Basic instrument
<i>Studiepoeng, omfang</i> ECTS Credits	EB_POENG	15	15	15
<i>Studienivå (studiesyklus)</i> Level of Study	EB_NIVA	Bachelor	Bachelor	Bachelor
<i>Fulltid/deltid</i> Full-time/Part-time	EB_FULLDEL	Fulltid	-	
<i>Undervisningsspråk</i>	EB_SPRAK	-		
<i>Undervisningssemester</i> Semester of Instruction	EB_UNDSEM	Haut	Haut	Haut
<i>Undervisningsstad</i> Place of Instruction	EB_UNDSTED	-	Griegakademiet – institutt for musikk	Griegakademiet – institutt for musikk
<i>Mål og innhald</i> Objectives and Content	EB_INNHOLD	<i>Emnet skal gje studenten eit kunstnarleg og teknisk fundament for kreativt, allsidig og sjølvstendig arbeid. Emnet skal utvikle ferdigheiter, kunnskap og formidlingsevne i song eller på instrument.</i>	<i>Emnet skal gje studenten eit betre kunstnarleg og teknisk fundament for kreativ, allsidig og sjølvstendig arbeid som musikkterapeut. Emnet MUTP200 skal utvikle ferdigheiter, kunnskap og formidlingsevne i song eller på instrument.</i>	<i>Emnet skal gje studenten eit kunstnarleg og teknisk fundament for kreativt, allsidig og sjølvstendig arbeid. Emnet skal utvikle ferdigheiter, kunnskap og formidlingsevne i song eller på instrument.</i>
<i>Læringsutbytte</i> Learnin Outcomes	EB_UTBYTTE	<i>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte:</i>  <b>Kunnskap</b> <i>Studenten... har grunnleggande kunnskap om hovedinstrument sin konstruksjon og virkemåte, historikk og tradisjon.</i>  <b>Ferdigheiter</b> <i>Studenten...</i>	<i>ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbytte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:</i>  <b>Kunnskapar</b> <i>Studenten kjenner hovudinstrumentets grunnrepertoar.</i>  <b>Dugleikar</b> <i>Studenten kan kunne framføre eit grunnleggjande repertoar på sitt instrument.</i>	<i>Ved avslutta emne har studenten følgjande læringsutbytte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:</i>  <b>Kunnskapar</b> <i>Studenten... ... kjenner instrumentets konstruksjon og verkemåte ... kjenner instrumentets historikk og tradisjon</i>  <b>Dugleiker</b>



		<p>kan framføre eit kort repertoar på instrumentet.</p> <p><b>Generell kompetanse</b> Studenten... har innsikt til å arbeide på eiga hand med tekniske og estetiske utfordringar.</p>	<p><b>Generell kompetanse</b> Studenten har utvikla evne til musikalsk formidling.</p>	<p>Studenten kan ... ... framføre eit grunnleggjande repertoar på sitt instrument.</p> <p><b>Generell kompetanse</b> Studenten ... ... har utvikla evne til musikalsk formidling. ... har innsikt til å arbeide på eiga hand med tekniske og estetiske utfordringar</p>
<b>Krav til forkunnskapar</b>	EB_KRAV	Bestått opptaksprøve til emnet: 10 minuttar sjølvvalt repertoar.	Emnet er normalt eit tilbod som valemne til studentar på Femårig integrert masterprogram i musikkterapi. Søknadsfrist for opptak er 1. april. Emnet har opptaksprøve: 10 min sjølvvalt repertoar.	Bestått opptaksprøve til emnet: 10 minuttar sjølvvalt repertoar.  Studenten skal ha grunnleggjande teknisk og estetisk kompetanse på instrumentet.  Dei er ein føresetnad at Griegakademiet - institutt for musikk har disponible lærekrefter på instrumentet. Søknadsfrist for opptak er 15. mars, og prøvespel vil normalt bli gjennomført i april/mai.
<b>Tilrådde forkunnskapar</b>	EB_ANBKRAV	-	Ingen	ingen
<b>Studiepoengsreduksjon</b>	EB_SPREDUK	-		
<b>Krav til studierett</b>	EB_STUDRET	Studierett ved Bachelorprogram i musikkvitenskap	Femårig integrert masterprogram i musikkterapi	Studierett ved: Femårig integrert masterprogram i musikkterapi eller Bachelorprogram i musikkvitenskap
<p><b>Arbeids- og undervisningsformer</b> Teaching and Learning Methods</p> <p>MUTP200 er under «Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning»</p>	<p>EB_ARBUND (Erstattar EB_UNDMETO)</p> <p>EB_UNDMETO</p>	<p><b>Emnet fokuserer på:</b> eigne evner som utøvar instrumentkunnskap eller stemmefysiologi interpretasjons- og repertoarkunnskap</p> <p><b>Eigne evner som utøvar:</b> Studenten skal utvikle grunnleggjande teknisk og musikalsk ferdigheit gjennom individuell rettleiing, eiga øving.</p> <p><b>Instrumentkunnskap/stemmefysiologi:</b> Studenten skal få kjennskap til konstruksjonen/fysiologien, verkemåten og historikken til instrumentet/stemma. Det vert vist til relevant litteratur.</p> <p><b>Interpretasjons- og repertoarkunnskap:</b> Studenten skal arbeide med minst tre relevante</p>	<p><b>Emnet fokuserer på:</b> - eigne evner som utøvar - instrumentkunnskap/stemmefysiologi - interpretasjons- og repertoarkunnskap</p> <p><b>Eigne evner som utøvar:</b> Studenten skal utvikle grunnleggjande teknisk og musikalsk ferdigheit gjennom individuell rettleiing, eiga øving og samspel.</p> <p><b>Instrumentkunnskap/stemmefysiologi:</b> Studenten skal få kjennskap til konstruksjonen/fysiologien, verkemåten og historikken til instrumentet/stemma. Det vert vist til relevant litteratur.</p> <p>Fellestimar relatert til instrument/instrumentfamilie.</p>	<p>Studenten skal utvikle grunnleggjande teknisk og musikalsk ferdigheit gjennom individuell rettleiing, gruppeundervisning og eiga øving.</p> <p>Det inngår ingen akkompagnatørressurs i emnet.</p>

		<p><i>sjangrar og/eller stilartar (kan inkl. improvisasjon).</i></p> <p><b>Ensemblespel:</b> <i>Dersom det er praktisk mogleg å tilretteleggja, kan ensemblespel inngå som ein del av undervisning og eksamen.</i></p> <p><b>Repertoarkrav:</b> <i>Studenten skal innstudere minimum 20 minuttar repertoar. Repertoaret skal verte dokumentert i eksamenssemesteret og godkjent av faglærar.</i></p> <p><i>All undervisning er obligatorisk. Fråvær på meir enn 20 % fører normalt til tap av eksamensrett. Det er ein føresetnad at alle obligatoriske arbeidskrav er gjennomført og godkjent før eksamen.</i></p>	<p><i>Det inngår ingen akkompagnatørressurs i emnet.</i></p>	
<p><b>Obligatorisk undervisningsaktivitet</b></p> <p>Compulsory Assignments and Attendance</p>	EB_OBLIGAT	<p><i>Individuell rettleiing. Det inngår ingen akkompagnatørressurs i emnet.</i></p>	<p><i>All undervisning er obligatorisk og omfattar:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Individuell rettleiing</li> </ul> <p><i>Repertoarkrav:</i> <i>Studenten skal innstudere minst 20 min. repertoar, der 10 min er ensemblespel.</i></p> <p><i>Gjennomgått repertoar og eksamensprogram skal vere dokumentert i eksamenssemesteret på eige skjema godkjent av faglærar innan 15. november.</i></p> <p><i>Det er ein føresetnad at alle obligatoriske arbeidskrav er gjennomført og godkjent før eksamen.</i></p> <p><i>Fråvær på meir enn 20 % fører normalt til tap av eksamensrett.</i></p>	<p><i>All undervisning er obligatorisk og omfattar:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Individuell rettleiing</li> <li>- gruppeundervisning</li> </ul> <p><i>Studenten skal innstudere minst 20 min. repertoar. Ensemblespel kan inngå som del av repertoaret.</i></p> <p><i>Fråvær på meir enn 20 % fører normalt til tap av eksamensretta.</i></p> <p><i>Gjennomgått repertoar og eksamensprogram skal vere dokumentert i eksamenssemesteret på eige skjema godkjent av faglærar innan 15. november.</i></p> <p><i>Det er ein føresetnad at alle obligatoriske arbeidskrav er gjennomført og godkjent før eksamen.</i></p>
<p><b>Vurderingsformer</b></p> <p>Forms of Assessment</p>	EB_VURDERI	<p><i>Eksamen vert gjennomført som ei konsertframføring av eit repertoar på 10-15 min.</i></p> <p><i>Intern sensur med minst to sensorar.</i></p>	<p><i>Eksamen vert gjennomført som ei konsertframføring av eit repertoar på 10 - 15 min.</i></p> <p><i>Intern sensur med minst to sensorar.</i></p>	<p><i>Eksamen vert gjennomført som ei konsertframføring av eit repertoar på 10 - 15 min</i></p> <p><i>Intern sensur med minst to sensorar.</i></p>
<p><b>Hjelpemiddel til eksamen</b></p>	EB_HJELPEM	-		

Examination Support Material				
<b>Karakterskala</b>	EB_K-SKALA	«Bestått» / «Ikkje bestått»	Greidd/Ikkje greidd	Greidd/Ikkje greidd
Grading Scale				
<b>Fagleg overlapp</b>			Emnet erstatter MUTP200 / Hovedinstrument musikktearpi	Emnet erstatter MUTP200 Basisinstrument musikkterapi (15 sp.) og MVK110 Hovedinstrument musikkvitskap (15 sp.)
<b>Vurderingssemester</b>	EB_EKSSEM	Haust	Haust	Haust
Assessment Semester				
<b>Litteraturliste</b>	EB_LEREM	Individuelt pensum blir utarbeid.	Individuelt pensum blir utarbeid	Individuelt pensum blir utarbeid
Reading List				
<b>Emneevaluering</b>	EB_EVALUER	Undervisninga blir evaluert i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.	Det blir gjennomført evaluering i form av spørjeskjema. Ein skriftleg rapport blir utarbeidd.	Det blir gjennomført evaluering i form av spørjeskjema. Ein skriftleg rapport blir utarbeidd.
Course Evaluation				
<b>Programansvarleg</b>	EB_PROGANS	Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.		Programstyret i musikkterapi
Course Coordinator				
<b>Emneansvarleg</b>	EB_EMNANSV			Kjetil Hjørnevik
<b>Administrativt ansvarleg</b>	EB_ADMANSV	Fakultet for kunst, musikk, design v/ Griegakademiet - Institutt for musikk har det administrative ansvaret for studieprogrammet.	Fakultet for kunst, musikk og design v/Griegakademiet - Institutt for musikk	Fakultet for kunst, musikk og design v/Griegakademiet - Institutt for musikk
Course Administrator				
<b>Kontaktinformasjon</b>	EB_KONTAKT			Studieveileder.kmd@uib.no
Contact Information				



**PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP**

**Sak.nr.: 21/23**

**Arkivnr: 2023/891**

**Sakstype: Vedtak**

**Møte: 8 – 10.11.2023**

---

**Endringer i MVK250 Bacheloroppgåve musikkvitskap**

---

**Vedlegg:**

Sak 14/23 Forslag til endringer i MVK250, frå programstyremøte 06.10.2023

Forslag til endringer MVK250, samanlikningsrapport frå EpN

**Bakgrunn**

I programstyremøte 06.10.2023 blei sak 14/23 *Forslag til endringer i MVK250* diskutert.

**Til saken**

Vedlagt er forslag til endringer i MVK250. Dei er utarbeida utifrå diskusjonen programstyret hadde førre programstyremøte i sak 14/23.

**Forslag til vedtak**

# Endringsrapport for emne MVK250

Stadiuminfo:	Kvalitetssikring (S2)
Sist endret:	07.11.2023 Fredrik Berntsen Due (frdue3234)
Opprettet i EpN:	Nei

Gammel verdi  
(S0, Importert fra FS)

Ny verdi  
(S2, Kvalitetssikring)

## Generelt

---

Ingen endringer

## Undervisning

---

Ingen endringer

## Emneinfo

---

### Mål og innhold:

Ingen endringer

### Læringsutbytte:

*Nynorsk:*

Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte:

### Kunnskap

*Studenten..*

- *Kan sjølv å velje ei musikkvitenskapleg problemstilling, finne relevant litteratur, og setja seg inn i tidlegare forskning innan emnet.*

### Ferdigheiter

*Studenten..*

- *Kan gjennomføre ei sjølvstendig drøfting og analyse av ei musikkvitenskapleg problemstilling.*

### Generell kompetanse

*Studenten..*

- *Kan nytte spesifikke teoretiske perspektiv og metodiske verktøy for å løysa ei musikkvitenskapleg problemstilling, og kan framstille arbeidet sitt både skriftleg og munnleg.*

### Studiepoeng, omfang:

Ingen endringer

**Studienivå (studiesyklus):**

Ingen endringer

**Undervisningsspråk:**

Ingen endringer

**Undervisningssemester:**

Ingen endringer

**Undervisningssted:**

Ingen endringer

**Krav til forkunnskaper:**

Ingen endringer

**Anbefalte forkunnskaper:**

Ingen endringer

**Studiepoengsreduksjon:**

Ingen endringer

**Krav til studierett:**

Ingen endringer

**Arbeids- og undervisningsformer:**

*Nynorsk:*

Studentane i samråd med faglærar vel kva tema som skal danne utgangspunkt for bacheloroppgåva.

Obligatorisk rettleiing i samband med oppgåveskriving; oppgåveseminar samen med andre studentar som tar emne.

- Problemstilling for bacheloroppgåva skal godkjennast.
- Rettleiing: Studentane har rett og plikt til rettleiing i arbeidet med bacheloroppgåva. Minimum to rettleiingsmøter er obligatoriske. Studentane pliktar å halda dei fristane for innleveringar og rettleiing som vert sette av faglæraren.
- Oppgåveseminar: Studentane skal munnleg presentera oppgåva og kommentera andre studentar sine oppgaver. Studentar som ikkje fylgjer desse retningslinene mister retten til å ta eksamen i emnet.

Det er ein føresetnad at alle obligatoriske arbeidskrav er gjennomførte og godkjende før eksamen.

Sjølvstendig arbeid med bacheloroppgåva, samt obligatorisk individuell rettleiing.

**Obligatorisk undervisningsaktivitet:**

*Nynorsk:*

Oppmøte på førelesingar.

### Rettleiing

- Obligatorisk rettleiing i samband med oppgåveskriving.
- Delta på oppgåveseminar. Studentane skal munnleg presentera dei skriftlege arbeida.
- Studentane i samråd med faglærar vel kva tema som skal danne utgangspunkt for bacheloroppgåva.
- Problemstillinga for bacheloroppgåva skal godkjennast av rettleiar
- Minimum to rettleiingsmøter med rettleiar

### Skriftleg arbeid

Studentene skal levere følgende skriftleg arbeid:

- En arbeidsplan som inkluderer møtedatoer og frister for innlevering av oppgaveoversikt og litteraturgjennomganger (se følgende)
- En til to oppsummeringer av en kilde sentral i oppgavens teoretiske grunnlag, diskuteres med rettleiar. Kvart samandrag skal vere på omlag 750-1000 ord.

Studentane pliktar å halda dei fristane for innleveringar og tider til rettleiing som vert sette av emneansvarleg/rettleiar. All obligatorisk undervisningsaktivitet må vere gjennomført og godkjent for å kunne gå opp til eksamen (levere inn bacheloroppgåva)All undervisning er obligatorisk. Fråvær på meir enn 20 % fører normalt til tap av eksamensrett. Det er ein føresetnad at alle obligatoriske arbeidskrav er gjennomført og godkjent før eksamen.

### Vurderingsformer:

Ingen endringer

### Karakterskala:

Ingen endringer

### Vurderingssemester:

Ingen endringer

### Litteraturliste:

Ingen endringer

### Emneevaluering:

Ingen endringer

### Hjelpemiddel til eksamen:

Ingen endringer

### Programansvarlig:

Ingen endringer

**Emneansvarlig:**

Ingen endringer

**Administrativt ansvarlig:**

Ingen endringer

**Kontaktinformasjon:**

Ingen endringer





## PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP

**Sak.nr.: 22/23**

**Arkivnr: 2023/891**

**Sakstype: Vedtak**

**Møte: 8 – 10.11.2023**

---

## Fast periode for kontinuasjonseksamen

---

### Bakgrunn

01.01.2024 trer den nye studieforskrifta til UiB i kraft. Her er fakulteta nå høve til å spesifisere ei bestemt periode for kontinuasjonseksamen (konteeksamen). Eksamenskoordinator Anders Aktor Liljedahl har spurt programstyret om å diskutere saken.

### Til saken

Fordelane med å ha ei bestemt periode er at planlegginga blir enklare for alle og at studentane vil ha betre høve til å forberede seg.

Ulempe er tap av fleksibilitet i planlegginga.

*Forslag til periode er august/september og januar/februar.*

### Vedtak

[utarbeidast på møtet]